

## Salsvilkår for handel mellom Voss Kommunikasjon og bedrifter

Salsvilkåra gjeld for sal av varer og tenester frå Voss Kommunikasjon til kjøpar som ikkje er forbrukar, med mindre noko anna er særskilt skriftleg avtala.

### 1. Bestillings- og avtaleprosess

Alle spesifikasjonar i Voss Kommunikasjons produktomtalar etc., kan bli endra/justert utan særskilt varsel fram til bindande kjøpsavtale er inngått.

Bestillinga er bindande når bestillinga er registrert hjå oss. Me er samtidig forplikta av di bestilling dersom denne ikkje avvik frå det som er gitt tilbod på frå oss.

Me atterheld oss retten til å kansellere bestillinga eller deler av denne, dersom produktet er utseld. Ved utseld vare vil du få melding om dette, eventuelt samen med informasjon om kva me kan tilby i stedet. Seljar av produktet tek ikkje ansvar for at produkt eventuelt er utseld.

### 2. Prisar

Alle prisar er oppgitt eks. mva, miljøgebyr. Frakt kjem i tillegg og belastast etter kostnad med eit påslag på inntil 20 %. Dersom bedrifter meiner at fakturert pris avvik frå det opplyste ved ordredato, må dette meldast til Voss Kommunikasjon innan 10 yrkedagar etter levering.

Prisane er i stadig endring og me tek atterhald om prisendringar fram til levering, som fylgje av endra prisar frå våre leverandørar eller valutaendringar.

### 3. Betaling/Morarenter

Dersom faktura/uteståande ikkje betalast ved forfall, skal det betalast rente innanfor retningslinja i morarenteloven.

Ved bruk av kort vil kjøpesummen bli reservert på kortet ved bestilling. Kortet blir belasta same dag som vara blir sendt. Pakker som ikkje blir henta vil bli belasta et gebyr på kr 250 + frakt tur/retur i tillegg til ordresummen.

### 4. Levering

Levering skjer via seljars prefererte logistikkpartner om ikkje anna er avtalt.

### 5. Reklamasjon og garanti

Dersom anna ikkje er avtalt, blir produkta seld med 12 månadars reklamasjonsfrist for feil/manglar.

Etter at du har mottatt produkta bør du så snart du har høve til det, undersøkje om leveransen er i samsvar med ordren. Undersøk om produkta er blitt skada under transporten, eller om produkta har feil eller manglar.

Oppdagast det ein feil eller mangel, må du innan rimeleg tid gje Voss Kommunikasjon melding om at du vil reklamera.

## **6. Erstatningsansvar**

Seljer fråskriv seg ansvar for direkte eller indirekte økonomiske tap som måtte følgje av mangelfull eller forsinka leveranse. Dette gjelder ikkje om Voss Kommunikasjon forsettlig eller grovt aktsamt har forårsaka mislighaldet. I slike situasjonar skal ansvaret avgrensast til fakturaverdi av det mangelfulle/forsinka produkt.

## **7. Produktansvar**

Om varer førar til skade på person eller ting, og dette skyldast at de ikkje byr den sikkerhet som bruker eller allmennhet kan forvente, er Voss Kommunikasjon erstatningsansvarlig i den utstrekning slikt ansvar følger av lov 23. desember 1988 nr. 104 om produktansvar. Andre fyljeskadar erstattast ikkje.

## **8. Salspant**

Voss Kommunikasjon AS har, med mindre noko anna er avtalt, salspant i dei leverte produkt som sikkerheit for kjøpesummen, inkludert renter og omkostningar, inntil disse er betalt i sin heilheit, jfr. pantelovens § 3-14 flg.

## **9. Endring i vilkåra**

Me har rett til å endre salsvilkåra, ved endra ramevilkår.

## **10. Force majeure**

Er me forhindra frå å levere eller foreta pliktig omlevering, eller blir ein slik leveringsplikt urimeleg tyngjande som fylgje av hendingar som definerast som «force majeure» er Voss Kommunikasjon friteken for alt anna ansvar enn i reklamasjonstilfeller og kreditera den til den mangelfulle vares tilhøyrande kjøpesum.

## **11. Tvistar og lovval**

Tvistar i anledning desse vilkåra eller andre avtaler gjort skal forsøkast løyst ved forhandlingar. Om ikkje skal tvisten fremmast for seljars nærmaste rettsinstans.